

## Jordbruksøkonomien på Vestlandet i 2023 – utvikling og driftsresultat

### Hovudtendens

- Stor inntektsnedgang for produsentane av mjølk og storfekjøtt på Vestlandet i 2023
- Dei største bruka hadde størst inntektsnedgang
- Stor inntektsauke for frukt- og bærprodusentane i høve til 2022
- Framleis stor investeringsvilje i jordbruket på Vestlandet

Vestlandsbonden oppnådde ei jordbruksinntekt, målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk, på kr 336 800 i 2023. Det er ein nedgang på kr 58 000 frå året før. I gjennomsnitt for landet gjekk jordbruksinntekta ned med kr 128 600 kr og vart på kr 363 900 per årsverk. Jordbruksarealet for vestlandsbruka var i middel 317 dekar, ein auke på 2 dekar frå 2022.

Nedgangen i jordbruksinntekta for Vestlandet skuldast i hovudsak tilnærma uendra produktprisar og litt redusert produksjonsvolum kombinert med auka produksjonskostnader. Sjølv om tilskota har auka like mykje i 2023 som frå 2021 til 2022, har det ikkje vore nok til å kompensere for auke i kostnader. Isolert sett er auken i rentekostnader på 65 prosent hovudforklaringa på inntektsnedgangen. Samla arbeidsinnsats i jordbruket på Vestlandet var uendra frå 2022.

Det var størst nedgang i jordbruksinntekta for dei største bruka, medan det var oppgang for dei små. Årsaka er relatert til produksjonane i dei ulike gruppene. I dei minste gruppene er det frukt og bær som dominerer, i dei mellomste gruppene er det sau, storfekjøtt og dei små og mellomstore mjølkebruka. I den største gruppa er det mest store mjølkebruk.

**Mjølkeproduksjon** er viktig for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa. Vederlag per årsverk (jordbruksinntekta) gjekk ned med 30 prosent eller kr 126 200 per årsverk. Grovfôrarealet på mjølkebruka auka med 5 prosent til 417 dekar, medan grovfôravlinga auka med 2 prosent. Tal årskyr auka med 5 prosent, medan mjølkekvote og liter omsett mjølk gjekk opp med høvesvis 4 og 5 prosent. Mjølkeprisen gjekk ned med 7 øre/liter, likevel auka mjølkeinntektene litt grunna auka volum. Kjøttprisen var om lag den same som i 2022. Til saman gjorde dette at marknadsinntektene i mjølkeproduksjonen berre auka med 3 prosent i høve til 2022.

Det var en auke i variable kostnader på 18 prosent som i hovudsak kom frå høgare kostnader til kraftfôr og gjødsel grunna prisauke. Faste kostnader auka også med 14 prosent frå 2022. Kostnader til leigd arbeid auka mest, men det var stor auke også på kostnader til vedlikehald, leasing og maskinleige. Straumkostnaden var om lag uendra grunna straumstøtte. Driftsoverskotet i jordbruket gjekk ned med 11 prosent.

Det har vore investert mykje på mjølkebruka dei siste åra. Nettoinvesteringa i 2023 var kr 705 300 per bruk, nesten fire gongar høgare enn året før. Gjeldsauken var på 22 prosent, og rentekostnaden auka med 65 prosent. Generell auke i rentenivå påverka rentekostnaden saman med auka gjeld.

Produksjonsomfanget på mjølkeproduksjonsbruka var på 30,9 årskyr, 1,5 fleire enn i 2022. Bruka omsette i gjennomsnitt 228 000 liter mjølk og 7,6 tonn kg storfekjøtt (inkl. kukjøtt). Gjennomsnittleg jordbruksareal var 420 dekar, ca. 20 dekar meir enn i 2022. Arbeidsinnsatsen var 2,2 årsverk à 1 845 timar. Arbeidsinnsatsen i 2023 auka med 3 prosent frå året før.

**Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald** oppnådde i 2023 ei jordbruksinntekt per årsverk som var kr 465 800, ein nedgang på 11,8 prosent frå 2022. Arealet gjekk ned med 5 daa, medan grovfôravlina auka med 4 prosent. Årskutalet gjekk ned frå 20,9 til 20,3 medan talet på vinterfôra sauer gjekk ned med 4. Omsett mjølk var 141 300 liter, ein nedgang på 7 prosent. Mjølkeprisen gjekk ned med 14 øre per liter eller 2 prosent. Saman med prisnedgang førte dette til redusert mjølkeinntekt med 9 prosent. Kjøtprisen både for storfekjøtt og sau var tilnærma uendra frå 2022. Husdyrinntektene på desse bruka gjekk med kr 231 000 eller 15 prosent.

Det var auke i variable kostnader på 4 prosent eller kr 120 000. Kostnader til kraftfôr auka med 6 prosent, og er den største posten av dei variable kostnadane. Faste kostnader auka med 1 prosent eller kr 6 400. Mesteparten av det skuldast auka kostnader leigd hjelp.

Gjennomsnittleg jordbruksareal var 400 dekar. Bruka hadde 20,3 årskyr og 95 vinterfôra sauer. Arbeidsinnsatsen gjekk ned med 40 timar og var på 2.1 årsverk à 1845 timar.

Jordbruksinntekta for **sauebruka** gjekk ned med kr 32 900 per årsverk til kr 156 000. Tal vinterfôra sauer gjekk ned med 9,5, medan omsett kjøtt gjekk ned med 18 prosent. I gjennomsnitt gjekk prisen på lammekjøtt opp med kr 0,40 per kg og prisen på sauekjøtt auka med kr 3,50. Husdyrinntektene gjekk ned med 19 prosent, medan dei totale produksjonsinntektene gjekk ned 2 prosent. Variable kostnader auka med 14 prosent, medan faste kostnader auka med 1 prosent. Arbeidsforbruket gjekk ned med 9 prosent og utgjorde 1,2 årsverk. Gjelda auka med 3 prosent til 2,3 mill.kr i snitt per bruk, medan renteutgiftene auka med 61 prosent.

I 2023 omfatta driftsforma 32 bruk med i gjennomsnitt 130 vinterfôra sauer og 247 dekar jordbruksareal. Nedgang i husdyrinntekter og auka kostnader bidrog til nedgang i jordbruksinntekta for sauebruka på kr 32 900 per årsverk.

**Produksjon av storfekjøtt**, enten med ammekyr eller på innkjøpte kalvar, oppnådde ei jordbruksinntekt per årsverk på kr 48 200 i 2023, ein nedgang på kr 205 900 per årsverk. Det har vore store endringar i jordbruksinntekta frå år til år for desse bruka. Det er få bruk i gruppa, og nye bruk eller endringar på enkeltbruk, kan gje store utslag for gruppa.

Det vart produsert 9 900 kg storfekjøtt på desse bruka i 2023, 300 kg meir enn i 2022. Prisen på anna storfekjøtt (ikkje kukjøtt) auka med om lag kr 1,60 per kg. Totalt gjekk inntektene frå husdyrhaldet ned med 12 prosent, medan dei totale produksjonsinntektene auka med 4 prosent. Faste kostnader auka med 27 prosent medan variable kostnader auka med 25 prosent samanlikna med 2022. Arbeidsforbruket auka med 146 timar til 1,4 årsverk, noko som trekker resultatet per årsverk ytterlegare ned. Det var nettoinvestering på kr 491 000 per bruk. Gjelda auka med 7 prosent og renteutgiftene auka med 78 prosent samanlikna med 2022.

Det var 17 bruk i gruppa i 2023. I gjennomsnitt hadde dei 375 dekar jordbruksareal, 23 ammekyr og 10 kviger.

**Frukt- og bærproduksjon** er den driftsforma som har hatt størst variasjon i jordbruksinntekta mellom år. For frukt- og bærprodusentane vart 2023 eit godt år, men noko svakare enn toppåret 2021. Jordbruksinntekta gjekk opp med 49 prosent frå 2022 til 2023, og vart kr 616 300 per årsverk. Avlingane var normale i 2023. Prisane på frukt til produsent var betre for dei fleste kulturane med unntak av plommer. Frukt- og bærinntektene gjekk opp med 30 prosent. Dei variable kostnadene auka med 2 prosent medan dei faste auka med 12 prosent. Arbeidsforbruket gjekk opp med 2 prosent og var på 1,9 årsverk per bruk. Det er 20 produsentar i denne gruppa, og i gjennomsnitt hadde dei eit frukt- og bærareal på 48 dekar.

**Nettoinvesteringane** på vestlandsbruka låg i 2023 høgare enn landsgjennomsnittet. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene for kr 352 200, opp frå 102 000 i 2022. Landsgjennomsnittet låg på kr 229 800. Samla gjeld auka med 9 prosent for vestlandsbonden, og var på 4,1 mill. kr i middel per bruk. Rentekostnadene auka med 65 prosent.

**Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket på Vestlandet** utgjorde 37 prosent av dei samla inntektene til familien i 2023, som er eitt prosentpoeng høgare enn i 2022. Løsinntekt utgjorde 40 prosent. Skogbruk og tilleggsnæring med utgangspunkt i ressursane på bruket utgjorde høvesvis 2 prosent og 8 prosent. Resten av dei samla inntektene er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter.

**Maksimalt jordbruksfrådrag** var kr 195 000 i 2023. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta i 2023 kr 370 200 i gjennomsnitt per årsverk for bruka frå Vestlandet. I alt utgjer inntektsverknaden av jordbruksfrådraget kr 33 400 per årsverk, ein nedgang på kr 800. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla som er presenterte frå driftsgranskingane.

**Jordbruksinntekt** er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka.

**Skattefordel** for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarende den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

**Driftsgranskingane i jordbruket** var for 2023 basert på eit tilfeldig og representativt utval av 938 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 193 bruk frå Vestlandet; 124 i Vestland fylke og 63 i Møre og Romsdal. Alle dei presenterte resultatata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 193 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.

**For fleire opplysningar, kontakt NIBIO Bergen ved:**

Seniorrådgjevar Erik Gran, Telefon: 414 11 486, E-post: [erik.gran@nibio.no](mailto:erik.gran@nibio.no)

eller rådgjevar Patrycja Magdalena Klimek, Telefon: 466 35 754 E-post: [patrycja.klimek@nibio.no](mailto:patrycja.klimek@nibio.no)

E-post: [bergen@nibio.no](mailto:bergen@nibio.no)

Internett: [www.nibio.no](http://www.nibio.no)

---

**Utfyllende informasjon til pressemelding 11.12.2024:  
Jordbruket på Vestlandet i 2023**

Samla oversikt for 2023

	Tal bruk	Gj.areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk	
			2022	2023	2022	2023	2022	2023
Vestlandet, alle	193	317	623 200	527 600	394 800	336 800	429 100	370 200
Bruk < 50 dekar	11	34	345 100	538 700	341 300	508 200	385 100	559 700
« 50 - 100 dekar	16	71	525 500	809 900	408 400	558 800	437 600	589 900
« 100-200 dekar	38	160	385 500	347 500	325 700	287 400	364 900	327 300
« 200-300 dekar	40	242	444 700	372 900	314 500	273 400	348 900	308 100
« 300-500 dekar	58	384	706 500	548 000	409 000	306 500	444 300	340 300
> 500 daa	30	724	1 160 700	768 000	492 800	330 100	484 200	523 000
Mjølkeproduksjon	73	420	800 800	569 800	423 300	297 100	457 500	328 800
Mjølk/sauehald	16	400	941 800	853 800	502 600	465 800	533 000	499 100
Kjøttproduksjon, storfe	17	375	294 300	61 200	254 100	48 200	290 800	77 100
Sauehald	32	246	222 600	173 200	188 900	156 000	222 800	193 600
Frukt og bær	20	55	516 700	885 700	413 900	616 300	448 900	651 200
Vestland fylke	124	280	594 100	571 000	384 600	367 300	418 700	401 000
Møre og Romsdal fylke	63	391	687 100	441 400	413 900	276 200	448 500	309 800
Mjølk Vestland	37	375	776 400	576 900	404 200	293 700	442 600	324 900
Mjølk Møre og Romsdal	36	466	842 900	562 600	443 800	298 100	477 000	330 500
Landet	938	427	720 000	541 000	492 500	363 900	530 300	400 400

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og til rente på egenkapitalen

Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar for Vestlandet og landet i perioden 2014-2023

